

## Til kommunestyret i Seljord kommune

Vi takkar for at Formannskapet var på besøk hos oss i haust, og vi fekk vist fram kva vi treng på skulen. Dersom vi skal ynskje oss ein ting, er det viktigaste for oss å gjera noko med toalettforholda. Dette gjeld både på barnetrinnet og på ungdomstrinnet. Her er ei liste over det som er problem med toaletta i dag.

- Toalettbåsane er opne, slik at ein kan sjå inn, både under og over. Dette gjeld både jente- og gutedoane.
- Det er lite/sjeldan varmt vatn i kranane. I nokon kjem det ikkje varmt vatn i det heile.
- Det er fleire dører/gangar for å koma inn til toalettet. Dette er utrygt. Mange går ikkje på do i friminutta, men i timane.
- Det er hol i dørene inn til toalettet som må tettast med papir, slik at ikkje andre kan sjå inn.
- Det er umoderne og gamaldags og ekkelt å gå på toalettet.
- Nokon held seg gjennom heile skuledagen, fordi dei ikkje er trygge på å bruke toaletta.
- Det er ei dør for å koma inn til toaletta, og av og til kan noko tulle med å halde att døra. Den er veldig trong og vanskeleg å få opp att. Ein kan oppleve å bli innstengt. Dette gjer at mange blir redd.
- På gutedoen på barneskulen er det bare ein bås og pissoar. Mange ynskjer å nytte bås, og då er det for få doar.
- På ungdomstrinnet blir det ofte kø til toaletta, om vinteren fordi mange vil stå der inne når det er kaldt ute.
- På ungdomstrinnet er det vindauge ein kan kikke inn av. Ein kan ikkje sjå heilt inn på sjølve båsen, men det opplevast utrygt og lite privat å gå på do.
- På barnetrinnet er det veldig kaldt på toaletta under trappa. Dette fordi dei ligg rett ved inngangen, og ein må la døra inn til toaletta stå opent, for at det skal opplevast tryggast mogleg å gå på do.
- Låsane inn til båsane er ikkje heilt i orden, og ein kan oppleve at låsen kiler seg fast. Då blir ein innstengt og vaksen må koma og hjelpe til. Det kan og vera vanskeleg å få låst skikkeleg.
- Det er veldig lytt frå toaletta og på doane under trappa på barneskulen er det veggjar som gjer at det blir høg lyd. Det er lite privat å gå på do.
- Doane er laga slik at ein skal gå ut av båsen og vaske hender og stelle seg. Mange står det lenge, og då er det ikkje greitt å gå inn i båsen, kor ein kan høyre godt kva som skjer.

Dette har vore ei utfordring gjennom mange år, og vi håpar at det kan bli prioritert å gjera noko med det nå. Vi håpar at de vil gje oss pengar til å kunne gjere noko med dette.

Med helsing

Elevråda ved Seljord barne- og ungdomsskule

*Olav Johannessen*  
Olav Johannessen, leiar elevrådet på mellomtrinnet

*Gunhild Aase*  
Gunhild Aase, nestleiar elevrådet på mellomtrinnet

*Mata Gadamurova*  
Mata Gadamurova, nestleiar elevrådet på ungdomstrinnet